



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
16.12.2015  
Dykkar dato  
28.11.2015

Vår referanse  
2015/15452 421.3  
Dykkar referanse  
15/2988

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Meland – Gnr. 5 bnr. 152 – Uttale – Dispensasjon til naust riving/nybygg**

Vi viser til brev av 28.11.2015, med uttalefrist 26.12.2015. Saka gjeld søknad om dispensasjon for riving av eksisterande og oppføring av nytt naust på gnr. 5 bnr. 152 i Meland kommunen.

Riving og oppføring av nytt naust på eigedomen er ikkje i strid med arealformålet, men utforming og storleik på tiltaket krev dispensasjon frå føresegn 1.6.14 til kommuneplanen sin arealdel (KPA), som har følgjande ordlyd:

*«Naust skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>, og kan byggjast enkeltstående eller i rekke. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda kan vere inntil 5,0m målt frå gjennomsnittlig planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Tilhøvet mellom høgde og breidde kan maksimalt vere 1:1.»*

Det nye naustet som skal førast opp skal ha ei grunnflate på 30,4 m<sup>2</sup>, med mønehøgde på 5,0 meter og knevegg. Det er opplyst at naustet skal nyttast til å vinterlagre båt, fiskereiskapar, to kajakkar og segl til ein 36 fot stor havseglar.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen er kritisk til at naustet skal førast opp med knevegg. Eit naust som er i tråd med arealdelen av kommuneplanen bør vere tilstrekkeleg til lagring av nemnde utstyr. Fylkesmannen vil nemne at kommuneplanen til Meland er ny og at ein dispensasjon i denne saka kan føre til presedens for liknande saker. Fylkesmannen meiner at kommunen bør krevje at naustet skal førast opp innafor rammene av kommuneplanen.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

